# Takknemleg 9. trinn

**Å sette pris på det eg har**

| Viser på skjermen: | I timen: |
|---|---|
|   | Start med å sjå denne, men sei gjerne før du set den på at den er nokre år gamal, og kommentaren hans til ho som jobbar i butikken var kanskje meint som eit kompliment då, men er eit eksempel på kommentarar ein bør unngå. [Freddy Kalas - Jovial - YouTube] |
|   | La elevane snakke med kvarandre:<br>• Kva er forskjellen på å sjå alt positivt og å vere takknemleg for det som er bra?<br><br>Denne forskjellen er vesentleg, og samtidig vanskeleg for enkelte å forstå. Alt er ikkje bra i liva våre. Det er ikkje hjelpsamt å late som at ting som er vondt, skummelt eller vanskeleg på ulike måtar er bra.<br>Det å la seg sjølv få føle også dei vonde følelsane er naudsynt for helsa, og bør ikkje møtast med «Tenk positivt!».<br>Det betyr ikkje at ein skal bli verande i det som er vondt og «dyrke» dette. Når ein har anerkjent for seg sjølv at noko er vondt, skummelt, sårt eller vanskeleg kan det vere lurt å fokusere på det som er bra. Det som gjer at ein kan få til likevel. Det som er fint i livet som gir styrke og mot til å fortsette. |
|   | Vi skal gjere ei lita øving i å legge merke til det som er bra i livet: [Takk - ei lita pause - YouTube] |
|  | Korleis kan det å vere takknemleg føre til mindre forbruk?<br>Del ut ark som ligg som vedlegg. La elevane få jobbe med det først aleine, og så samanlikne og prate med kvarandre i grupper. Ta gjerne nokre eksempel i klassa til slutt, om nokon vil dele. |
|   | Sjå [people react to being called beautiful - YouTube] |
|   | La elevane snakke med kvarandre:<br>• Kva la de merke til av takknemlegheit i filmen? |
|   | • Kva er små gode handlingar/kommentarar i kvardagen som skaper takknemlegheit? |

<table>
<tr><td>Lag liste over det du er takknemleg for!<br><br>Kid President's 25 Reasons To Be Thankful! (Participant)</td><td>Be elevane snu arket frå oppgåva om forbruk og lage eigne lister over kva dei er takknemlege for/set pris på i kvardagen. Sjå Kid President's 25 Reasons To Be Thankful! - YouTube medan dei jobbar, og gi dei litt tid også etter filmen.</td></tr>
<tr><td colspan="2">Oppsummeringa kan de eventuelt gjere ved å lage ordsky på Interactive presentation software - Mentimeter<br>Denne bør lagast i forkant av timen og elevane loggar seg på med kode.<br><br><br><br><br><br></td></tr>
<tr><td>Redde verda?<br><br></td><td>Avslutt med gjerne med denne, eller sjå den ein annan gong de vil ha fokus på å ta vare på jorda Lil Dicky - Earth (Official Music Video) - YouTube</td></tr>
</table>